



Statens vegvesen

ABO Plan & Arkitektur AS
v/ Åshild Blomdal
Pb. 291
5203 OS

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Unn Jenny Utne Kvam - 55516243

Vår referanse:
2011/095394-037

Dykkar referanse:

Vår dato:
05.02.2015

Framlegg til justering av planfri kryssing - Reguleringsplan - gnr. 10 bnr. 85 m.fl. - Holme - Meland kommune

Vi viser til e-post med vegteikningar motteken 13.01.2015. Det er no arbeida vidare frå tiltakshavar si side med skissa som vart drøfta på møte hos Meland kommune 19.11.2014.

Det er framleis ikkje talfesta kva sikt og horisontalkurveradiar som kan oppnåast for gang- og sykkelvegen. Statens vegvesen v/ Vegavdeling Hordaland er imidlertid, med bakgrunn i dei nyaste vegteikningane, innstilt på å sende ein søknad om fråvik frå vegnormalen til fråviksnemnda i Region vest i denne saka for fråvik knytt til

- krav til stoppsikt på gang- og sykkelveg (figur E29 i N100)
- krav til sikt mellom to kryssande gang- og sykkelvegar (figur E32 i N100)
- krav til minste horisontalkurveradius for gang- og sykkelveg (40 m, jf N100 s 125)

I søknaden må det opplysts om kva sikt og horisontalkurveradiar det vert planlagt for.

Dersom det er andre normalkrav som ikkje er oppfylte, er det tiltakshavar sitt ansvar å dokumentere dette. Vegavdelinga tek per i dag ikkje stilling til eventuelle andre fråvik enn dei tre som er nemnde ovanfor.

Saksgangen ved fråviksøknader er at skjema for søknad om fråvik skal fyllast ut av tiltakshavar, og sendast vegavdelinga i Statens vegvesen for vurdering. Søknader som vegavdelinga stiller seg bak vert sendt vidare til fråviksnemnda.

Skjema for søknad om fråvik vert ettersendt per e-post.

Andre merknader

Når det gjeld andre detaljar i dei reviderte teikningane vi har motteke, har vi tidlegare peika på at byggegrensa ikkje kan regulerast nærmare vegen/krysset enn det som er vist i vedteken plan for området. Det er også trond for å sjå arealbruken inne på forretningsområdet i samanheng med avkjørsla frå fv 247 Melandsvegen, jamfør referat frå møtet 19.11.2015.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø⁹
Telefon:
Telefaks:

Når det gjeld plankartet elles, har vi følgjande merknader:

- Det må regulerast mellombels anleggsområde på begge sider av fv 564
- Murar og sikringsgjerde bør ikkje regulerast juridisk bindande i plankartet. Dette er detaljar som bør visast i vegtekningane, men ikkje låsast juridisk i plankartet. Då kryssområdet er trøngt, er det viktig at det er rom for å gjere mindre tilpassingar knytt til desse detaljane ved utarbeiding av byggeplan. Vi vurderer m.a. at sikta på gang- og sykkelvegen ved undergangen kan utbetrast noko ved å gjere tilpassingar i avrundinga på murane.
- Annan veggrunn bør regulerast til *Annan veggrunn – grøntareal*. Arealføremålet *Annan veggrunn – teknisk anlegg* har eit meir avgrensa innhald og gjev lite rom for tilpassingar i byggeplanfasen.

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Unn Jenny Utne Kvam

Unn Jenny Utne Kvam

Kopi: Meland kommune (e-post)